



Arne og Anne-May svingar seg til urgamle Miller-tonar

Dei danseglade i Kvinnherad let seg ikkje skremma av vondt ver. I kveld er det rundt rekna 20 som svingar seg på Helgheim under den andre dansekvelden i 2013 i Ivar Kåre og Berit Harriet Døslands regi. Og det er ikkje berre den faste og trufaste gjengen - det er også eit nytt innslag - Arne Hauge og Anne-May Wågen frå Halsnøy Kloster..
Dei opplyser at dei har lete seg lokka av reportasjane våre.

- Sjølvsagt har eg ei fortid som dansar på Helgheim, men det vari gamle dagar. Dette er første gongen eg dansar her i denne omgongen, opplyser Arne etter å ha svinga seg skikkeleg etter tonane til gamle, gode Miller.

- Men er det ikkje litt kronglete og kostbart å køyra heilt frå Halsnøy til Uskedalenfor å dansa?

- Ikkje no lenger, etterat det vart hol under fjorden. Dessutan køyrervi elbil. Det betyr forskotsbetaling på framtidig transport, svarar Arne og gjer seg klar til neste dans.

Det er landeplaga frå Vamp. Men som danselåt slår den ikkje an på Helgheim.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

